



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

KOMMUNEBREVET 2026

nasjonale forventningar til kommunane

SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLA



Innhald

Samarbeid for å nå måla	3
-------------------------------	---

Utfordringsbilde	4
------------------------	---

Klimaendring og tap av natur
Barn og unge sine oppvekstvilkår
Utfordrande kommuneøkonomi
Mangel på kompetanse –
og behov for strukturelle og organisatoriske grep
Integrering og busetting
Tryggingspolitikken

Nasjonale forventningar til kommunane

Vi sikrar framtida ved å ta vare på naturen og på barn og unge	6
---	---

Strammare kommuneøkonomi	7
--------------------------------	---

Berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk	8
---	---

Berekraftig landbruksforvaltning	10
--	----

Barn og unge	11
Barnehage og opplæring	
Barnevern	

Sosiale tenester i Nav	14
Bustadsosialt arbeid	

Integrering og busetting	15
--------------------------------	----

Eit samfunn som inkluderer alle	15
---------------------------------------	----

Gode helse- og omsorgstenester	16
--------------------------------------	----

Samfunnstryggleik og beredskap	18
--------------------------------------	----

Totalforsvarsåret 2026 og totalberedskapskurs for toppleiarar	20
--	----



Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Statsforvaltar
[Else-May Botten](#)

Assisterande statsforvaltar
[Rigmor Brøste](#)

Kontakt;
Telefon: 71 25 84 00
sfmrpost@statsforvalteren.no

*Foto på forsida: Shutterstock og
Øvind Leren (øvt til høgse)*

Samarbeid for å nå måla

Omstilling, økonomiske utfordringar og mangel på kvalifisert arbeidskraft pregar kvardagen i kommunane våre. Midt i dette ser vi no fleire kommunar som finn nye måtar å løyse oppgåvene på.

Det er spennande samarbeid og samtalar på gang mellom mange kommunar. På Søre Sunnmøre har Ørsta og Volda vedtatt å utrede ei mogleg kommunesamanslåing. Det same har kommunane Sande, Herøy og Ulstein gjort. Større kommunar vil i dei aller fleste tilfelle kunne bidra til å løyse utfordringar med mangel på kapasitet og kompetanse.

Statsforvaltaren oppmodar kommunane til å ta strukturelle og organisatoriske grep som sikrar ein sterk og velfungerande kommune.

Strategisk kommunikasjon

For å få til gode prosessar, og skape forståing og tillit, er det heilt nødvendig med god kommunikasjon mellom administrasjon, politikarar og innbyggjarar. Dei må ha same kunnskap om val kommunen må ta, om omstillingsbehov og hovudutfordringar.

Det kan være ulike politiske løysingar på utfordringane, men fakta må vere kjent.

Tett på

Også i året som kjem vil Statsforvaltaren følge kommunane tett, særleg den økonomiske utviklinga. Vi vil vere både rettleiar og samtalepartner.

Struktur og organisering i kommunane må legge godt til rette for kvardagens viktigaste oppgåve – å ta vare på menneske, særleg barn og unge, og på naturen. Dei som ikkje har ei sterk stemme må bli høyrte. Statsforvaltaren har eit særleg ansvar for å ivareta desse saman med kommunane. Det er berre i lag at vi kan nå målet om ein trygg framtid for folk og natur i Møre og Romsdal.

I desember 2025 la statsministeren fram regjeringa sin plan for Noreg dei neste fire åra:

«Ved å gjøre vår plikt før vi krever vår rett, og ved å skape mer og dele bedre, styrker vi både tryggheten og mulighetene – sammen.»

Vi ser fram til vidare samarbeid.

Else-May Botten

Else-May Botten



Om dette brevet

Brevet gir ei oversikt over oppgåver og satsingar i nasjonal politikk, og løfter opp forventningane til kommunane.

Det er skrive til politisk og administrativ leiing i kommunen, og til politiske utval og andre aktuelle medarbeidarar.

Statsforvaltaren si rolle

Statsforvaltaren skal sikre at nasjonal politikk vert gjennomført lokalt i Møre og Romsdal.

Vi får våre oppdrag frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet.

Oppgåvene kan summerast slik:

- Formidle forventningar til kommunane, rettleie og bidra til å iverksette nasjonal politikk på tvers av alle fagområde
- Samordne og medverke til samarbeid og dialog mellom kommunar, statsetatar og regionale aktørar
- Fremje rettstryggleik for einskildmenneske og fellesskapet, med vekt på likeverd



Foto: Enk Birkeland/Tingh

Utfordringsbilde

Klimaendring og tap av natur

Nesten halvparten av naturtypene i Noreg står i fare, viser den nye raudlista for naturtypar. Klimapåverknad forverrar tilstanden, men endringar i arealbruk står som største årsak til naturtap.

Klimaendringar og tap av natur skjer raskt, og er ein alvorleg trussel for samfunnstryggleiken. Kommunane må bevare urørt natur, og område som har evne til å binde opp klimagassar, for eksempel myr og skog. Vi må hindre at meir natur, artar og økosystem blir bygd ned, men heller vert restaurert.

Å tilpasse samfunnet til klimaendringane må ha kommunane sin høgste prioritet. Berekraftig samfunns- og arealplanlegging er særleg viktig for å løyse desse utfordringane.

Barn og unges oppvekstvilkår

Økonomiske, sosiale og geografiske forskjellar skapar skilje i samfunnet. Når barn og unge ikkje får den hjelpa og tilrettelegginga dei treng, aukar risikoen for utryggleik og utanforskap.

På landsbasis ser vi ein vekst i ungdomskriminalitet. Barn og ungdom som fell ut av skole og sosiale samanhengar er særleg sårbare for å bli rekruttert inn i kriminelle nettverk.

Tiltak som fremmer inkludering og god folkehelse, og som motverkar og reduserer sosial ulikheit, bør prioriterast. Å arbeide førebyggjande, og legge til rette for ein god oppvekst vil løne seg for både for enkeltmenneske, for kommunane og for stor-samfunnet.

Barn og unges beste skal alltid vere kommunen sitt mål, og skal alltid vurderast. Samarbeid mellom relevante aktørar er avgjerande for at barn, unge og deira familiar får den hjelpa dei treng.

Utfordrande kommuneøkonomi

Økonomien i kommunane i fylket blei betydeleg forverra i 2024. Vi ser den svakaste økonomiske situasjonen på ti år. Nokre kommunar klarer seg betre enn andre, men forskjellane mellom dei blir stadig større.

Dei siste åra har kommunane investert mykje. Møre og Romsdal har no nest høgast lånegjeld i landet. Høg rente over tid, gjer økonomien ekstra krevjande. 20 kommunar i fylket hadde negativt netto driftsresultat i 2024. Fleirtalet av kommunane våre styrte mot negativt netto driftsresultat i 2025 også. Samtidig har mange heilt, eller delvis, brukt opp sparepengane. Krevjande omstillingar må til for få økonomien på rett kjøl.




Foto: Statsforvaltaren i Møre og Romsdal /
Lars Kringstad.

Mangel på kompetanse – og behov for strukturelle og organisatoriske grep

Kommunane har store utfordringar med endringar i demografi, og mangel på både kompetanse og arbeidskraft. Dei må prioritere tydeleg og klokt framover, og finne nye måtar å løyse utfordringane på.

Særleg krev helse- og omsorgssektoren mykje av kommunane. Å vektlegge førebyggjande og helsefremmande arbeid er grunnleggjande for tenestene no, og for framtida.

Strukturelle og organisatoriske grep kan sikre ei sterk og velfungerande kommune med tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til dei ulike rollene kommunane har. Samarbeid med nabo-kommunar eller samanslåing til større kommunar er alternativ her.

Integrering og busetting

Fleire kommunar slit med å finne bustadar nok til alle flyktningane dei skal busette. Dei finn det også krevjande å få flyktningane ut i arbeid. Kostnadane til sosiale tenester har hatt ei kraftig auke i fleire kommunar som følge av dette.

Integreringsarbeid som gir flyktningane språkopplæring, kunnskap om norsk samfunnsliv, formelle kvalifikasjonar og tilknytning til arbeidslivet er nøkkelen for å lykkast. Kommune, fylkeskommune, Nav og lokale arbeidsgivarar må samarbeide for å nå målet.

Tryggingspolitikken

Både risikobildet og samfunnsutviklinga er i stadig endring. Den tryggingspolitiske situasjonen er endra. Kommunane må vere budd på hendingar i øvre krisespekter, og vere merksame på samansette truslar. Det er spesielt viktig å ha ein oppdatert heilskapleg ROS-analyse som inkluderer dei mest alvorlege hendingane som kan råke kommunen. Analysen skal oppdaterast ved endringar i risiko- og sårbarheitsbildet.



Foto: Shutterstock

Vi sikrar framtida ved å ta vare på naturen og på barn og unge

Kommunane skal

- ha FNs berekraftsmål som utgangspunkt i alt kommunen gjer
- ha nasjonale forventningar som utgangspunkt for eiga planlegging

Naturen gir liv, og må få leve

Tap av natur har store konsekvensar for økosystema, arts- mangfald og naturens evne til å levere livsviktige tenester som reint vatn og rein luft.

Endringar i areal påverkar naturmangfaldet mest. Noreg bygger ned mest areal per innbyggjar i Europa. Det må vi stoppe med. Vi treng naturen for at vi, og framtidige generasjonar, skal kunne leve godt.

God og langsiktig arealforvaltning er nødvendig for å ta vare på naturmangfaldet. Kommunane har ei nøkkelrolle her, og kan bidra til å stanse tapet av natur.

Ein kommunedelplan for naturmangfald gir oversikt og hjelp til å prioritere arealbruk og tiltak. Vern av naturområde sikrar naturmangfald på lang sikt.

Noregs framtid avhenger av barn og unge

Dei aller fleste barn og unge i fylket vårt har gode oppvekst- vilkår. Samtidig verkar utfordringar med psykisk helse, sosial ulikskap, mobbing, rus og digitalt press inn på mange i ulik grad, og fører til utanforskap.

Utfordringane krev heilskaplege tiltak for å sikre ein trygg og inkluderande oppvekst. Vi må jobbe systematisk og førebyggjande med trygge, gode og inkluderande miljø – heilt ifrå fødsel og barnehage.

Å satse på barnets beste er meir enn ei juridisk plikt. Det er nødvendig for framtida vår, og av stor samfunnsmessig betydning.

Kommuneplanen som verktøy for å lykkast

Kommuneplanen skal styre kommunen. Det skal gå ein raud tråd frå kommuneplanen og til alle kommunen sine planar; reguleringsplanar, temaplanar, verksemdsplanar og økonomiplan. I planane skal det gå tydeleg fram korleis kommunen vil bruke areala sine, kor det skal byggast og kor det ikkje skal byggast.




FNs berekraftsmål

Måla er verdas felles arbeidsplan for å sikre ei god framtid for alle, både menneske, dyr og natur. Noreg har forplikta seg til å jobbe aktivt for å nå berekraftsmåla innan 2030.

Berekraftsmåla legg føringar for både nasjonal politikk og samfunnsutviklinga i Noreg.

Nasjonale forventningar

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027 - regjeringa.no](#) skal bli følgde opp i arbeidet med kommunale planar.



Kommunestyret sitt ansvar for planlegging

Kommunestyret har eit overordna ansvar for kommunen si planlegging, og skal

- følge opp planstrategien
- vurdere behovet for å revidere kommuneplanen
- følge opp kommuneplanens handlingsdel

Regjeringa sin plan for Noreg (2025–29)

[Regjeringa sin plan for Noreg](#) byggjer på styrken i dei små forskjellane, den høge tilliten og dei sterke fellesskapa som kjenneteiknar landet vårt.

Strammare kommuneøkonomi

Utfordringane i kommuneøkonomien viser at det er behov for ei stram økonomistyring i året som kjem.

I starten av 2026 var fem kommunar i fylket på Robek. Fleire vil kome dit om dei ikkje lykkast med omstilling i år og neste år. Kommunane må arbeide og prioritere for å få balanse mellom kostnader og inntekter.

Eit meirforbruk i dag inneber at det på eit seinare tidspunkt må brukast mindre. Balansekravet er derfor viktig for å møte framtida på ein god måte, og for å vere effektive. Kommunestyra skal ivareta den økonomiske handleevna over tid, og ikkje ta vesentleg finansiell risiko.

I 2024 hadde

- 20 kommunar eit negativt netto driftsresultat
- 11 kommunar disposisjonsfond på under to prosent av brutto driftsinntekter
- 16 kommunar lånegjeld som låg over gjennomsnittet i landet
- 8 kommunar meirforbruk som må betalast tilbake for å unngå ROBEK

Det er store variasjonar mellom kommunane i fylket, men fleirtalet kjem dårlegare ut enn året før.

Realistiske budsjett er ein føresetnad for god økonomistyring. Kommunen må ha evne og vilje til å følge budsjett og økonomiplan tett opp, god kontroll og gode rapporteringsrutinar. Mottiltak må bli sett inn med ein gong det oppstår meirforbruk i løpet av året, slik at problema ikkje veks seg større.

Robek

Kommunar som er i økonomisk ubalanse, eller som ikkje har vedteke økonomiplan, årsbudsjett eller årsrekneskap innanfor dei fristane som gjeld, kjem på Robek. Kommunar på Robek er underlagt statleg kontroll med årsbudsjett, låneopptak og langsiktige leigeavtalar.

Talet på Robek-kommunar aukar på landsbasis. I starten av 2026 var det 28 kommunar på Robek. Vi ventar at talet vil auke.



Foto: Shutterstock

**Det kostar mindre
å førebygge
enn å reparere**

Å satse på barn og unge sin trivsel og meistring, og på tilbod som er gode for folk si helse, vil gi gevinst i kommunebudsjetta på sikt.



Berekraftig samfunnsutvikling og arealbruk

Kommunen må tilpasse seg klimaendringane, og arbeide aktivt for klimaomstilling. Arealforvaltninga er avgjerande.

La karbonlager i naturen vere i fred

Kommunen skal ikkje bygge ut areal med store karbonlager som skog og myr.

Ubygde areal kan innehalde store lager av karbon. Å bygge ut slike areal vil redusere potensielt framtidig opptak av klimagassen CO₂ og kan føre til store klimagassutslepp. Det gjeld særleg i skog med høg produksjonsevne eller i djup myr, men kan også gjelde beite og dyrka mark.

Ta vare på naturmangfald

Kommunen bør

- sette seg mål for å redusere nedbygging
- lage kommunedelplan for naturmangfald
- planlegge areala som grensar til verneområda godt

Ein kommunedelplan for naturmangfald set naturen på den lokalpolitiske dagsordenen. Her kan kommunen sikre medverknad i arbeidet med å velje ut viktige lokale naturområde. Planen gir oversikt og hjelp til å prioritere arealbruk og tiltak.

Verneområda tek vare på sårbare og trua naturtypar, biologisk mangfald, stads- og regiontypiske naturområde og område med internasjonale og nasjonale verneverdiar.

Klimaomstilling

Kommunen skal bidra aktivt til å redusere klimagassutslepp og gjennomføre grønne omstillingstiltak.

Kommunen skal nytte handlingsrom til å prioritere klimatiltak i planlegging, drift og investeringar. Omstillingsarbeidet må bli integrert i alt arbeid i kommunen gjer.

Kommunen skal

- prioritere arbeidet med klimatilpassing og å redusere klimagassutsleppa
- nytte innkjøp til å stimulere marknaden til sirkulærøkonomi og klimaomstilling
- innføre klimabudsjett eller anna styringsverktøy for å få gjennomført konkrete klimatiltak

Å etablere klimaleiing, klimabudsjett og ha klimakonsekvensar som fast punkt i saksframlegg er nokre måtar å arbeide med klimaomstilling på.

Tilskot for å ta vare på naturmangfald

Sjå også: [Naturesats - Tilskot til kommunane sitt arbeid med å ta vare på naturmangfald - miljødirektoratet.no.](#)

Ordninga skal

- styrke kommunar si rolle i arealforvaltning for å redusere naturtap grunna arealendringar, forureining og klimaendringar. Nytt for 2026, er at tiltak som bidrar til arealnøytralitet er ein eigen kategori. I statsbudsjettet for 2026 er det sett av 110 millionar kroner til ordninga.
- framhalde og synleggjere naturmangfald som verdi i politiske avgjerder
- fremje betre kunnskapsgrunnlag for naturforvaltning, mellom anna gjennom naturregnskap

Kommunen kan søke om støtte til å:

- utarbeide kommunedelplan for naturmangfald
- revidere eldre natur-, arealplanar og gjennomføre «planvask».
- gå i gang med kartlegging, praktiske tiltak og informasjonstiltak for naturmangfald.



Følg arealplanen!

Ved å fortette, og ved å betre utnytte areala som allereie er bygd ut, reduserer kommunen behovet for å omdisponere dyrka jord og å ta i bruk urørt natur.

Kommunen skal hindre forureining

Oppgraderte avløp bør prioriterast

Kommunen bør oppgradere avløpssystema for å ta vare på miljøet og oppfylle lovkrav.

Strengare reglar i forureiningsforskrifta er venta som følge av EUs avløpsdirektiv, noko som gjer arbeidet ekstra aktuelt. Manglande oppfylling av reinsekrav kan hindre utvikling i kommunen. Tidleg innsats sikrar god vasskvalitet og berekraft.

Reine massar kan vere ein ressurs

Kommunen bør regulere område der reine massar kan bli tekne imot, og stille krav til mottaket.

Store bygge- og anleggsprosjekt gir ofte overskot av reine jord- og steinmassar. Reine massar frå anleggsprosjekt blir rekna som næringsavfall (jf. Forureiningslova). Den som produserer næringsavfall, skal sørge for at det blir levert til lovleg avfallsanlegg eller gjenvunne slik at det ikkje lenger er avfall.

Eit massemtak som følger gjeldande kommunale planar, er eit lovleg avfallsanlegg for reine massar. Ei løyve til nydyrking er ikkje nok juridisk grunnlag for å ta imot slike massar. Ved å legge til rette for å gjenbruke reine massar, kan kommunen sørge for at massane blir ein ressurs og ikkje kjem på avveggar.



Stormfelt skog i Tingvoll.
Foto: Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal / Åsmund Asper

Vi må prioritere klimaomstilling. Det treng både vi og komande generasjonar

Under ekstremvêret Amy hausten 2025 felte stormen nesten like mykje skog som normalt hogstvolum i fylket.

For å sikre ei trygg framtid som barn og unge skal vekse inn i, må klimaomstilling vere prioritert i kommunane.

[Klimaprofil Møre og Romsdal - klimaservicesenter.no](https://klimaprofil.møre-og-romsdal.no/klimaservicesenter.no)

skal vere utgangspunktet for kommunane sitt arbeid på området.



Berekraftig landbruksforvaltning

Kommunen har eit viktig ansvar for tilskotsordningar, særlover og arealbruk som påverkar landbruket.

Forvaltninga skal vere operativ og robust, og sikre effektiv og rettferdig handtering av tilskot. Dette inneber å formidle informasjon, behandle søknader, ha gode rutinar som sikrar korrekte utbetalingar og kontrollere at skog vert planta innan tre år etter hogst.

Gode kontrollrutinar er avgjerande for at regelbrot vert avdekt og følgt opp, slik at både samfunnet og landbruksnæringa har tillit til forvaltninga.

Vi vil oppmode kommunen til å

- inkludere landbruket som ein ressurs i beredskapsarbeidet der det er relevant
- bidra til informasjon og oppfølging av ny gjødselbruksforskrift
- vurdere samarbeid eller interkommunale løysingar for å styrke landbruksforvaltninga

Barn og unge

Kommunen skal arbeide for barnets beste og styrke samordninga av tenester for barn og unge på tvers av sektorar. Tidleg innsats og heilskaplege løysingar må vere eit særleg mål.



Barnehage og opplæring

Rett hjelp til rett tid

Kommunen skal sikre at barn og elevar får den spesialpedagogiske hjelpa / individuelt tilrettelagde opplæringa dei har rett til.

Tidleg innsats og samarbeid med PP-tenesta er avgjerande for å gi tilpassa hjelp.

Bemanning og kompetanse

Kommunen skal arbeide systematisk for å styrke bemanning og kompetanse i barnehagar og skolar.

Kommunen skal bruke statlege tiltak for vidareutdanning og profesjonsrettleiing, og delta i partnerskap for kollektiv kompetanseutvikling.

Les meir om [helhetlig system for kompetanse og karriereutvikling på udir.no](https://www.udir.no/helhetlig-system-for-kompetanse-og-karriereutvikling).



Foto: ScanStockPhoto



Styrk barn og unge sine interesser og oppvekstvilkår

Kommunen skal ta i bruk rettleiaren [Barn og unge i plan og byggesak - regjeringa.no](https://www.regjeringen.no/byggesak) og [Rikspolitiske retningslinjer - lovdata.no](https://www.rikspolitiskeretningslinjer-lovdata.no) for å styrke barn og unge sine interesser og oppvekstvilkår.



Trygge og gode miljø i barnehage, skole og SFO

Retten til å ha det trygt og godt gjeld i barnehage, skole og SFO.

Kommunen må

- ha låg terskel for å definere saker som barnehage- eller skolemiljøsaker, i tråd med lovverket
- jobbe systematisk med relasjonar og inkludering og førebyggje mobbing og utanforskap
- bruke kompetansepakkar frå udir.no for barnehage-, skole- og SFO-miljø

Fullføringsrett

Kommunen skal bidra til at ungdom og vaksne får oppfylt retten til å fullføre vidaregåande opplæring, inkludert realkompetansevurdering.

God informasjon og tett oppfølging av overgangar er viktig.

Trygg og sikker eksamensgjennomføring

Kommunen skal sørge for risikovurdering, tekniske krav og nok sensorar for å sikre trygg gjennomføring av eksamen.

Beredskap i barnehage og skole – nytt og prioritert område

Kommunen skal ha operative beredskapsplanar som sikrar kontinuitet i barnehage- og skoletilbodet ved krisesituasjonar.

Kommunen skal

- gjennomføre ROS-analyse som inkluderer barnehage og skole
- utarbeide planverk for fysiske, digitale og psykososiale truslar
- sikre samarbeid med politi, barnevern og andre aktørar
- øve beredskap med barnehage- og skolepersonell

Kommunen skal førebygge og hindre rekruttering til kriminalitet, i samarbeid med politi og relevante instansar, ved å utvikle og gjennomføre tiltak i skolen. Dette arbeidet må starte tidleg. Trygge og inkluderande miljø frå barnehagen er avgjerande for å redusere risiko for utanforskap og kriminalitet.

Les meir på udir.no – sikkerhet og beredskap. Statsforvaltaren vil arbeide med dette i 2026.

Barn og unge skal medverke

Barn og unge skal bli sett, høyr og møtt. Høyr kva dei vil seie om helse, tilbod til aktivitetar, utanforskap, skole og oppvekst.

Korleis barn og unge har det i lokalsamfunnet er grunnleggjande for deira utvikling og for korleis dei vert knytt til samfunnet.



Foto: ScanStockPhoto

Barnevern

Tverrfagleg samhandling

Kommunen skal gi barn og familiar heilskapleg og samordna hjelp ved å sikre god samhandling mellom barnevern, helse og oppvekst.

Kommunen skal varsle Statsforvaltaren om alvorlege hendingar der barn har vore utsett for vald, overgrep, grov omsorgssvikt eller har mista livet.

Kommunestyret skal vedta ein førebyggjande plan for å beskytte barn og unge mot omsorgssvikt og risiko for skadeleg utvikling.

Kompetansekrav og leiing i barnevernstenesta

Kommunen skal delta i

- nasjonale tiltak for å styrke kvalitet og kompetanse
- tiltak for å styrke styring og leiing

Den øvste leiinga i kommunen har ansvaret for at kommunen oppfyller sine lovpålagte oppgåver. Ein tilstandsrapport skal leggjast fram for kommunestyret kvart år.

Fosterheimane skal rettleiast og følgast opp

Kommunen skal arbeide systematisk for å auke talet på fosterheimar som er rekrutterte i barnet sitt eige nettverk – familie eller andre nære relasjonar.

Barnet, foreldra og fosterheimen skal få god, regelmessig og koordinert oppfølging og rettleiing, i tråd med lovkrav og faglege råd.



Sosiale tenester i Nav

Mange opplever framleis økonomiske utfordringar. Barnefamiliar er særleg råka. Kommunen har ansvar for å sikre grunnleggjande tryggleik med velferdsordningar på tvers av sektorane.

Kommunen skal sørge for at alle innbyggjarar har tilgang til nødvendige velferdstenester, og gi informasjon, råd og rettleiing etter sosialtenestelova til alle som treng det.

Kommunen skal

- oppdage personar og familiar med økonomiske problem, og gi dei råd
- arbeide førebyggjande mot gjeldsproblem med tidleg innsats og samordna tiltak
- sikre at Nav deltek aktivt i tverrfagleg samarbeid og er ein integrert del av velferdstenestene
- identifisere dei som har rett til kvalifiseringsprogrammet og tilby deltaking
- bruke verktøyet for kvalifiseringsprogrammet på Navet

Kommunen skal ha fokus på å inkludere i arbeid, aktivitet og utdanning, og legge til rette for at alle som kan kjem i arbeid eller fullfører skolegang. Sosiale tenester skal vere tilgjengelege også for dei som ikkje er digitale.

Barnets beste i Nav

Kommunen skal vere seg bevisst ansvaret – og den unike moglegheita – Nav har til å bidra til at barn og unge blir tatt omsyn til.

- Bruk [rettleiaren frå AvDir og Barneombudet](#).
- Sjå [e-læringskurs om barns rettar](#).
- Sikre praktisk bruk av barnekonvensjonen i alle relevante tenester.

Bustadsosialt arbeid

Ein stabil busituasjon er ein føresetnad for helse,- omsorgs,- og velferdstenester, utdanning og arbeid.

Kommunen skal

- sikre samarbeid på tvers av sektorar og samordne tenester
- vurdere om dei som ber om bistand er vanskelegstilte på bustadmarknaden og fatte enkeltvedtak etter den bustadsosiale lova
- sende klage på slike enkeltvedtak til Statsforvaltaren

Kommunen skal ha oversikt over behovet for ordinære og tilpassa bustadar for vanskelegstilte på bustadmarknaden innan 01.07.27, jf. Bustadsosiallov § 5. Bustadbehova skal inngå i kommunen sin planstrategi. Ansvaret for å gjennomføre og følge opp tiltak og bustadsosialt arbeid må bli plassert i kommunen.



Foto: Shutterstock

Integrering og busetting

Vi oppfordrar kommunen til å fatte vedtak om busetting i tråd med oppmoding frå IMDi.

Kommunen skal

- tilby introduksjonsprogram og opplæring som er fleksibel og retta mot arbeid eller skolegang
- ha både kortsiktige og langsiktige mål for kvalifisering og overgang til arbeid
- arbeide for god samordning både mellom kommunar, fylkeskommunen, Nav og med arbeidsgivarar i lokal-samfunnet

Det vil kome fleire endringar i integreringslova frå 1. januar 2026. Regelendringane vil gjere det mogleg å gjennomføre vidaregåande opplæring og førebuande opplæring for vaksne som ein del av introduksjonsprogrammet. Den største endringa i regelverket blir sett i verk 1. juli 2026. Integreringslova kapittel 6A om førebelse reglar for personar som har fått opphald etter utlendingslova § 34 vert då oppheva.

Alle kommunar, inkludert fylkeskommunen, må ha god kunnskap om integreringslova med tilhøyrande forskrifter. Skoleeigar har ansvar for å vurdere vaksne sin realkompetanse. Juridisk rettleiar frå 2025 blir oppdatert i tråd med lovendringane. Kommunen må følge med og oppdatere seg på nytt regelverk jamleg.

Statsforvaltaren planlegg å gjennomføre fleire tilsyn på integreringsfeltet i 2026.



Foto: Shutterstock



Shutterstock

Eit samfunn som inkluderer alle

Kommunen skal bidra til at folk ikkje blir diskriminert grunna funksjonsevne.

Noreg har forplikta seg til å følge FN's konvensjon for personar med nedsett funksjonsevne (CRPD). Konvensjonen skal sikre at personar med funksjonsnedsetjingar ikkje blir diskriminert og får oppfylt sine menneskerettar på lik linje med andre personar. Stortinget vedtok i desember 2025 å ta CRPD-konvensjonen inn i menneskerettslova. Det inneber at CRPD formelt vert nedfelt i norsk lov og at det ved motstrid vil gå føre anna lovverk.

Kommunen skal sikre trygge og inkluderande samfunn for alle. Heile kommuneorganisasjonen må vere kjent med kva CRPD er og ta omsyn til konvensjonen i sitt virke.

Statsforvaltaren tilbyr rettleiing til kommunane om CRPD-konvensjonen.

Gode helse- og omsorgstenester

Kommunen har ansvaret for å gi helse-, sosial- og omsorgstenester som er tilpassa den enkelte innbyggjar sine behov.

Ta i bruk nasjonal rettleiar for prioriteringar

Kommunen skal ta i bruk Helsedirektoratet sin nasjonale rettleiar for prioriteringar i kommunale helse- og omsorgstenester.



Rettleiaren gir eit felles grunnlag for korleis ressursar kan bli brukt klokt og rettferdig når økonomien er stram og behovet aukar. Den er ein prosessrettleiar – eit verktøy for dialog og planlegging i kommunen.

Kommunen si leiing har eit overordna ansvar for å legge til rette for gode prioriteringsprosessar. Rettleiaren skal hjelpe leiinga, saksbehandlarar og helsepersonell med å prioritere. Arbeidet skal gjerast på ein rettferdig og forsvarleg måte basert på ei samla heilskapleg vurdering av kriteria «nytte», «ressurs» og «grad av alvor».

Vi oppmodar kommunen til å bruke rettleiaren aktivt inn i budsjett, tenesteutvikling og prioriteringar. Dette vil bidra til berekraftige tenester og styrke tilliten til kommunen sine val.

Ny meldeordning ved alvorlege hendingar frå 1. juli 2026

Kommunen må førebu seg på at ny meldeordning for uønskte hendingar erstattar nåverande varselordning frå 1. juli 2026.

Meldeordninga skal gi betre oversikt over pasientsikkerheit og bidra til læring og forbetring i tenestene. Meldinga skal gå til Statsforvaltaren, og ordninga skal bli enklare og meir systematisk enn varselordninga vi har i dag. Fleire detaljer blir kunngjort framover.

Det ligg an til at verksemda sjølv i større grad skal gjere intern gjennomgang etter alvorlege hendingar. Vi rår kommunane til å starte arbeidet med rutinar og opplæring allereie no, slik at overgangen blir smidig.

Kompetanse- og tenesteutvikling

Kommunen skal ha berekraftige og trygge helse- og omsorgstenester. Det må vere tilgang på tilstrekkeleg og riktig kompetanse, som blir nytta på ein effektiv og målretta måte.

For å møte nåverande og framtidige behov, skal kommunen legge til rette for

- utvikling gjennom strategisk kompetanseplanlegging
- systematisk opplæring
- gode modellar for oppgåvedeling og organisering
- å styrke heiltidskultur
- å sikre kontinuitet
- fagleg utvikling i alle ledd

Den kommunale helse- og omsorgstenesta har høg grad av kompleksitet, og stiller store krav til prosesskompetanse og endringsleiing.

LIS1-stillingar – gir viktig rekrutteringsmoglegheit

I 2026 skal det etablerast nye LIS1-stillingar i den kommunale helse- og omsorgssektoren i landet.

Statsforvaltaren vil samarbeide med kommunane om innplassering og bidra med rettleiing ved behov. Vi oppmodar kommunane til å sjå dette som ei strategisk satsing for framtidig kompetanse.

Førebygging og folkehelse

Kommunen bør sette inn førebyggjande tiltak som verkar, for å oppnå

- redusert vekst i behov for helsehjelp
- fleire friske leveår for alle
- meir meistring for alle

For å sikre ei berekraftig helse- og omsorgsteneste med god kvalitet i framtida, er det nødvendig å vektlegge førebyggjande og helsefremmande arbeid. Dette gjer at fleire blir sett i stand til å klare seg sjølv. Dei opplever meistring, verdigheit og auka livskvalitet. Tiltaka kan gi helsekompetanse, digitale og praktiske ferdigheiter og tryggleik i heimen. Tidleg innsats som bidrar til at rett tiltak blir sett inn til rett tid, er viktig for å lukkast.



Psykisk helse og rus

Kommunen skal ha kunnskapsbasert praksis i psykisk helse- og rusarbeidet, basert på forskning, erfaring og brukarmedverknad.

Opptappingsplanen for psykisk helse (2023–2033) krev innsats på tre område:

- Førebygging og helsefremjing – tverrsektorielt arbeid og heilskaplege tilbod til barn, unge og familiar i tråd med dei nasjonale rettleiarane [Psykisk helsearbeid barn og unge - Helse- direktoratet](#), [Nasjonal veileder for samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier](#) og [Nasjonal faglig retningslinje for tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge](#).
- Gode og tilgjengelege tenester – lågterskeltilbod og digitale behandlingsverktøy for personar med milde til moderate psykiske lidningar og rusproblem.
- Langvarige og samansette lidningar – tenester skal vere kunnskapsbaserte, tilgjengelege og tilpassa lokale behov, med fokus på livskvalitet og førebygging av tidleg død; [Psykisk helse- og rusarbeid for voksne - Helsedirektoratet](#).

Brukar- og pårørandemedverknad skal styrkast på alle nivå. Kommunen må ha rutinar for overdoseførebygging og bidra til å redusere skadeleg alkoholbruk med 20 prosent innan 2030 gjennom ansvarleg forvaltning av alkohollova. Helsedirektoratet har laga to rettleiarar på desse områda; [Bruker- og pårørendemedvirkning i rus- og psykisk helsefeltet - Helsedirektoratet](#) og [Handlingsplan mot overdoser - Helsedirektoratet](#).



Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunane er fundamentet i den nasjonale beredskapen. Dei har eit omfattande ansvar for å vareta tryggleiken til egne innbyggjarar og dei som til ein kvar tid oppheld seg i kommunen.

Delta i totalforsvarsåret 2026 og «Noreg øver»

Alle kommunane i fylket skal delta på «Noreg øver».

Totalforsvarsåret 2026 er eit nasjonalt krafttak for å styrke samhandlinga mellom sivile og militære aktørar. Kommunen er sentral i dette som førsteline i møte med innbyggjarane. Kritiske tenester må fungere – også når alt anna sviktar.

Gjennom året skal heile landet planlegge, øve og lære. «Noreg øver» er ei nasjonal diskusjonsøving hausten 2026. Ambisjonen er at alle norske kommunar deltek.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap kjem ein rett-leiar om kommunen si rolle i krise og krig sommaren 2026.

Ta omsyn til klimaendringar i planlegginga

Kommunen skal vektlegge omsynet til samfunnstryggleik og beredskap gjennom berekraftig samfunns- og arealplanlegging.

Klimaendringar og tap av natur skjer raskt. Dette er ein alvorleg trussel for samfunnstryggleiken. Klimaet i Noreg har allereie endra seg mykje, og effektane vert større i åra som kjem. Vi må tilpasse oss eit endra klima for å sikre liv og helse, og unngå skader på kritisk infrastruktur.

Ha ei oppdatert heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse

Alle kommunar skal inkludere tryggingspolitisk krise eller krig i heilskapleg ROS-analyse innan utgangen av 2026.

Både risikobiletet og samfunnsutviklinga er i stadig endring. Derfor er det spesielt viktig å ha ein oppdatert heilskapleg ROS-analyse som gjev kommunane nødvendig kunnskapsgrunnlag. ROS-analysen skal inkludere dei mest alvorlege hendingane som kan råke kommunen. Analysen skal oppdaterast ved endringar i risiko- og sårbarheitsbiletet.

Vi vil oppmode kommunane til å inkludere landbruk som ein ressurs der dette er relevant i beredskapsarbeidet.

Klimaprofil Møre og Romsdal

Vi kan vente oss oftare episodar med kraftig nedbør.

[Klimaprofil Møre og Romsdal](#)
(oppdatert oktober 2025)
gjev kunnskap frå Norsk klima-servicesenter.

Klimaprofilen er eit hjelpemiddel som kan nyttast i ROS-analysar.




Foto: Øivind Leren

Etablere varslings- og informasjonspunkt

Vi rår alle kommunar til å opprette varslings- og informasjonspunkt.

Kor skal innbyggjarane få viktig informasjon når internett, mobiltelefon, radio og TV fell ut? Eit varslings- og informasjonspunkt kan gi innbyggjarane nødvendig informasjon. Her kan dei òg få praktisk hjelp, rettleiing og støtte frå kommunale tenester. Punktet kan også brukast til å varsle kommunen, som igjen kan melde vidare til andre naudetatar.

Informasjonspunkta må liggje strategisk og vere lett tilgjengelege. Nokre kommunar treng fleire punkt. Dei må gjerast kjende i «fredstid», med klare føringar for når dei blir tekne i bruk. Bruken av punkta skal inn i relevant planverk.

Eigenberedskap – saman skapar vi motstandskraft

Kommunen skal delta aktivt i eigenberedskapsveka 2026.

Eigenberedskapsveka 2026 handlar om kriseinformasjon ved bortfall av elektronisk kommunikasjon (ekom), i tråd med Totalforsvarsåret 2026 og «Noreg øver».

Gjere verksemder kjende med DSB sine eigenberedskapsråd

Kommunen bør kontakte lokale verksemder og gjere dei kjende med Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) sine fem eigenberedskapsråd.

Ein god beredskap gjer verksemda betre rusta til å handtere kriser. Verksemda bør ha ein plan for eiga drift og for å møte behova hos dei i samfunnet som er avhengige av tenestene og leversane verksemda gir.

Når fleire verksemder er budde, aukar motstandskrafta både for den enkelte og for samfunnet som heilskap. Kommunen må òg sikre eigenberedskap for sine kritiske tenester.

Alle kommunar skal opprette kommunale beredskapsråd innan utgangen av 2026.



Totalforsvarsåret 2026

Verden har blitt farligere og mer uforutsigbar. Det sivile samfunnet må være forberedt på å håndtere alvorlige kriser og, i ytterste konsekvens, krig – sammen med Forsvaret og våre allierte. Hensikten med Totalforsvarsåret 2026, er derfor å planlegge sammen, jobbe sammen og øve sammen – for et trygt Norge.



Les mer om Totalforsvaret 2026 på dsb.no:
<https://www.dsb.no/ros-og-beredskap/totalforsvarsaret-2026/>



Foto: Stian Olberg / DSB



Statsforvalteren
i Møre og Romsdal



POLITIET



FORSVARET
For alt vi har. Og alt vi er.

TBK 7 | 8

I 2026 arrangerer vi totalberedskapskurs i veke 23 og i veke 40.

TBK 7: 1. - 5. juni, påmelding innan 16.3.26.

TBK 8: 28. sept. - 2. okt., påmelding innan 30.6.26.

Scan QR-koden, eller bruk lenken for å melde deg på:



TBK 7

www.deltager.no/statsforvalteren/event/tbk7#init



TBK 8

www.deltager.no/statsforvalteren/event/tbk8#init

